

Sak til samarbeidsutvalet

Går til: Medlemne av Samarbeidsrådet
Dato: 15.09.20
Sakshandsamar: Prosjektleiari for felles utviklingsplan
Saka gjeld: ORIENTERING OM STATUS I PROSJEKTET «FELLES UTVIKLINGSPLAN FOR SAMARBEID OG SAMHANDLING.»
Saksnummer: 34/20

Bakgrunn:

Bakgrunnen til prosjektet med felles utviklingsplan er godt kjent for SU.

Prosjektdirektivet for prosjektet er no vedteke og vert lagt ved saka. Prosjektleiari har gått gjennom grunnlagsdokument for prosjektet. Dette gjeld dokument og oppsummering av tidlegare prosess i SU'ane og relevante rapportar og dokument nasjonalt.

Det har vore gjennomført ei rad møtet med representantar for kommunar (for det meste kommunalsjefar for aktuelt område) og sjukehus. Det har vore eige møte med Bergen kommune for å avklare prosessen der. Vidare har det vore dialog med fleire private/ideelle institusjonar/sjukehus.

Drøfting/vurdering:

Prosjektleiari vil delta på SU/SR sine møter og vere til disposisjon med orientering og svare på spørsmål.

Prosjektleiari si vurdering er at prosjektet har hatt litt lita framdrift i starten. Dette av naturlege grunnar med corona-situasjonen som den viktigaste. Opplevinga no er at det er god framdrift og større engasjement.

Prosjektet er no i gjennomføringsfasa.

Det vert no dialog-møte med partane/interessentane. Det vert utarbeid eigen dialogmal for desse samtalanane for å sikre god prosess. Målsetjinga med desse dialogmøta er tredelt. For det første vil ein formidle informasjon om prosjektet inkludert Helsefelleskap. For det andre vil innhenting av informasjon og synspunkt frå partane vere det viktigaste. Til slutt er dette eit strategisk grep i forankringsarbeide og for å skape engasjement.

Det vert arbeidd med ein detaljert framdriftsplan for resten av gjennomføringsfasa.

Forslag til vedtak:

Samarbeidsrådet tek saka til orientering